



## Notat

Dato

LEIKANGER, 16.01.2019

Til: Fylkesutvalet, møte 23. januar 2019

Frå: Fylkesrådmannen

### **Prinsipsak løyvefritak for småskala reiselivsverksemder og inn på tunet ordning**

Viser til vedtak i FU-sak 78/18 og 79/18 der det vart vedteke å utforme prinsipp for løyvefritak innan 1. april 2019.

I rundskriv N-7/2017 er det forklart litt om kva småskala turistvirksomheit er i samband med løyvefriktak. Det er og sett ein avgrensing på inntil 5 motorvogner. Vidare er det i rundskrivet gitt klare objektive føringar for kva krav som må vere oppfølgt, samt opplysningar om merking av motorvogn samt krav til framlegging av løyvefritak ved kontroll.

Dette gjeld og inn på tunet ordninga jf. rundskriv N-8/2017.

Det som ikkje går klart fram av rundskriva er kva prinsipp vi skal leggje til grunn ved den skjønnsmessige vurderinga for løyvefritak.

Prinsipsaka må forklare utøving av fylkeskommunen sitt skjønn i samband med vurdering av kva som er småskala turistverksemde. Saka må og sei noko om kor tid vi kan gje løyvefritak utan at næringsgrunnlaget til eksisterande drosjenæring blir svekka.

I sak 125/18 høyring om endringar i drosjereguleringa kjem det fram at behovsprøvinga kan bli tatt vekk. Dersom drosjereguleringssaka blir vedteke slik som den ligg føre vil løyvefritaksordninga felle vekk.

Dei midlertidige løyvefritaket til Skaldegard AS og Flåm Guideservice AS er gjeldande fram til 1. april 2019.

Med utgangspunkt i dette vert det laga ei prinsipsak med presisering av korleis fylkeskommunen skal forvalte skjønnet som skal utøvast og kva vi må ta omsyn til når løyvefritak skal vurderast.

**Denne saka må fram for hovudutval for samferdsle og før fylkesutvalet gjer sitt vedtak 8.04.19. Vi bør ut frå denne framdrifta vurdere om dei nemnde to verksemndene bør få forlenga dei mellombelse løyva som no gjeld.**